

Kort omtale av prosjekt som har fått tildelt kvalitetsutviklingsmidlar 2011

Prosjektnamn

Implementering av forskningsbasert kunnskap i klinikken – også eit leiaransvar

Prosjekteigar (HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet)
Haraldsplass diakonale sykehus

Prosjektleder (kontaktperson)

Tove Giske

Førsteamanuensis,

Forsknings og fagutviklingssjukepleiar HDS, medisinsk klinikk

Bakgrunn for prosjektet/hovedpunkt

Prosjektet vart starta fordi vi over fleire år har kjørt tverrfaglege kurs for ansatte på HDS der vi har jobba med vurdering av forskingsartiklar (bruk av sjekklister), trent på å stille gode forskingssspørsmål og å søke artiklar i ulike databasar. For å få integrert dette arbeidet i dagleg drift såg vi at det var viktig at leiarane på postane og klinikkan også hadde denne kunnskapen.

Mål for prosjektet/hovudpunkt

- *Auke kunnskap om og motivasjon for implementering av ny kunnskap i klinikken på leiarnivå*
- *Betre kunnskap om korleis aktuell forskning kan finnast og implementerast til beste for pasientbehandling og pasienttryggleik*
- *Betre kunnskap om korleis slik kompetanse kan haldast vedlike og vidareutviklast i klinikken*
- *Finne fram til/prøve ut modeller for at implementering skal verte ein naturleg del av arbeidskulturen på kvar avdeling og post*

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

1) Kartlegge nivå og behov for opplæring (spørreskjema) i høve til kompetanse i litteratursøk og bruk av forskningsbasert kunnskap

2) Kursing i kunnskapshandtering:

a) Vurdering av forskningsartiklar

b) Opplæring i systematisk søk etter forskning i høve til kliniske problemstillingar, td ved bruk av A3 som alt er i bruk på sjukehuset

c) Gjennomføre journalclub/tidsskriftklubb (søk, vurdering av forskning i forhold til konkret klinisk problemstilling og drøfting av implikasjonar for praksis) i samarbeid med ansatte som har delteke på kurs om Kunnskapsbasert praksis tidlegare.

3) Kartlegging og evaluering ved slutt utbytte og konkretisere vidare oppfølging av kurset

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Forskning viser at lokal leiarforankring i tillegg til organisatorisk støtte og motivasjon er avgjerande for at ny kunnskap skal bli implementert i klinikken.

I tillegg er det viktig at både leiar og tilsette har felles kompetanse og forståing av korleis implementering av ny forskning i klinikk kan gjerast. Vi trur at denne modellen, der undervisning over tid, nær knytt til kliniske problemstillingar leiarane jobbar med til dagen, vil gi leiarane kunnskap og ferdigheiter og dermed auka motivasjon til å aktivt bidra til at ny kunnskap vert implementere i klinikken.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen
Denne undervisningsmodellen kan enkelt overførast til andre helseføretak. Vi vil også publisere erfaringane våre slik at dei kan bli tilgjengelege for andre.

Planlagt oppstart
August 2011

Planlagt slutt
Juni 2012

Implementering av forskningsbasert kunnskap i klinikken – også eit leiaransvar

Kunnskapsutviklinga er stor innan alle fagfelt i spesialisthelstenesta, og vi får stadig nye faglege reningsliner å forhalde oss til. Dette gjer det krevande å sikre god og oppdatert kvalitet i møte med pasientar og pårørande. Forskning viser at implementering av ny kunnskap er avhengig av leiarinvolvering, at tilsette har kunnskapar og kompetanse på området og at det er tilgang på bibliotekstenester, pc og internet (Eizenberg 2010, Pravikoff et al. 2005).

Studentar som blir utdanna i dag får god innføring i søk og vurdering av forskning. Imidlertid ser vi at mange av dei med lang klinisk erfaring ute i klinikken på ulike nivå, ikkje har fått systematisk opplæring i søk og vurdering av forskning.

Ved Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS) har det sidan 2008 vore gjennomført kurs for tilsette i å søke, vurdere og anvende vitenskapleg kunnskap i praksis. Over 30 tilsette, frå alle klinikkar og dei fleste postar, har delteke på kurset. Evaluering av kurset viser at deltakarane i utgangspunktet hadde lite eller ingen kunnskapar om dette og at dei i liten grad diskuterer faglege problemstillingar med kollega eller med studentar. I likheit med liknande kursopplegg (Cordova et al. 2008) har kurset auka deltakarane sine kunnskaper og ferdigheiter i søk og vurdering av forskning og det har ført til fleire faglege diskusjonar med kollega og studentar.

Ved HDS bruker no leiarane arbeidsmetoden A3 for å kartlegge utfordringar i klinikken og for å konkretisere løysingar. Dette kurset vil ta utgangspunkt i problemstillingar frå A3 og gi leiarar verktøy til også å finne aktuell forskning til å ta med seg inn i løysinga av desse. Vi trur at eit kurs eksklusivt for leiarar vil vere den beste måten å tilby dei ei slik opplæring.

For å bidra til utvikling av ein meir robust kultur som sikrar implementering av ny forskning i klinikken, er det nødvendig at slikt fagleg arbeid er støtta og villa av leiarane. Vi trur også at det er nødvendig at leiarane sjøve har innsikt og noko erfaring i søk og vurdering av forskning for aktivt å kunne vere med å utvikle ein slik kultur.

Litteratur:

- Cordova PB, Collins S, Peppard L, Currie LM, Hughes R, Walsh M & Stone PW (2008) Implementing evidence-based nursing with student nurses and clinicians: Uniting the strengths. *Applied Nursing Research*, 21, 242-245.
- Eizenberg MM (2010) Implementation of evidence-based nursing practice: nurses' personal and professional factors? *Journal of Advanced Nursing*, 67(1), 33-42.
- Pravikoff DS, Tanner AB & Pierce ST (2005) Readiness of U.S. nurses for evidence based practice. *American Journal of Nursing*, 105(9), 40-51.